



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 24.10.2013

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:00

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 046/13 - 052/13

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Terje Ødegård. FRP: Marit Swensen

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre. FRP: Svein Hansen H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Vivian Nygård Sætren. FRP: Ove Swensen H: Kjetil Vetthus

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådmann Reidar Sandviknes, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Etter forslag frå Marit Swensen vedtok Driftsutvalet samrøystes å handsame fylgjande 2 saker:

Sak 051/13: Vedk. endring særskild fartsgrense 60 km/t - Fylkesveg 620 (og 632) Leikanger

Sak 052/13: Besøk til dei ulike kommunale einingane i Selje kommune

6 voterande.

Orienteringar

Prosjektleiar Komuneplan Anita Otneim Hoddevik:

Orienterte om folkemøta vedk. ny kommuneplan. Delte ut oversikt på datoar / stadar for møta.

Oppmoding om å publisere mest mogleg, slik at innbyggjarane møter opp.

Rådmann:

Orienterte om økonomisk omstilling og Agenda Kaupang AS sitt arbeid med økonomisk analyse over drifta i Selje kommune.

Orientering om reinhaldsmodellen i Selje kommune vert utsett til neste møte.

Driftsutvalet vil ha nytt møte 14.11.13

Følgjande saker vart handsama

| Sak nr. | Sakstittel |
|----------------|---|
| 046/13 | Godkjenning av møtebok |
| 047/13 | Delegasjonssaker |
| 048/13 | Referatsaker |
| 049/13 | Interkommunale helse og omsorgstenester. Handsaming av føresetnader for driftsavtale med Helse Førde. |
| 050/13 | Avgifter og gebyr 2014 |
| 051/13 | Vedk. endring særskild fartsgrense 60 km/t - Fylkesveg 620 (og 632) Leikanger |
| 052/13 | Besøk til dei ulike kommunale einingane i Selje kommune |

Tilleggsaker: Sak 051/13 og 052/13.

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|--------------------------|-----------------|---------------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 046/13 |

| | | |
|---|----------------------|-----------------------------|
| Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden | Arkiv: FE- | Arkivsaknr 13/571 |
|---|----------------------|-----------------------------|

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 19.08.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

KU-046/13 VEDTAK

Møteboka frå møte 19.08.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|-------------------|------------|--------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 047/13 |

| | | |
|--------------------------------------|---------------|----------------------|
| Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden | Arkiv: FE- | Arkivsaknr 13/569 |
|--------------------------------------|---------------|----------------------|

Delegasjonssaker

DKU. 030/13: Gbnr. 2/5 - Byggsak - Garasje - Jorunn Kjøde

DKU. 034/13: Gbnr. 56/244 - Byggsak - Kyrkjevegen, trinn 1 - Dragebygg AS

DKU. 055/13: Gbnr. 56/244 - Byggsak - Bustadhus - Kirkevegen Eiendom AS - Rammeløyve

DKU. 106/13: Gbnr. 24/95 - Byggsak - Tilbygg bustadhus/garasje - Odd-Arne Midtbø

DKU. 107/13: Gbnr. 17/3 - Byggsak - Tilbygg bustadhus/Garasje - Leif Johnny Prestvik

DKU. 108/13: Gbnr. 24/47 - Byggsak - Garasje - John-Knut Leikanger

DKU. 110/13: Gbnr 80/4 - Byggsak - Naust m/kai og flytebrygge - Andreas Rundereim

DKU. 111/13: Gbnr. 24/173 - Byggsak - Riving låve - Bertine Fure Oksholen

DKU. 114/13: Gbnr. 21/12 - Byggsak - Garasje - Jarle Honningsvåg

DKU. 115/13: Gbnr. 46/20 - Byggsak - Brannalarm- og nødlysanlegg utleigebustad - LaPoint Travels

DKU. 116/13: Gbnr. 56/1 - Byggsak - Rampe for rørslehemma - Selje kyrkje

DKU. 117/13: Gbnr. 14/2 - Delingssak - Grunneigedom - Stad Gard Sandvik AS

DKU. 118/13: Gbnr.56/31- Byggsak - Tilbygg - Mary Grete Drage

DKU. 119/13: Gbnr 55/9. - Byggsak - Utsleppsløyve - Vinterhage - Jan Pedersen

DKU. 121/13: Gbnr. 64/2 - Byggsak - Vinterhage - Svein og Anne Britt Rekdal

DKU. 122/13: Gbnr. 81/29 - Utsleppsløyve - Fritidshus - Doris Anne Eide

DKU. 123/13: Avkøyrsløyve - Gbnr. 13/4 - Delingssak - Hytte - Geir-Rune Aarsheim

DKU. 124/13: Gbnr.46/7 - Byggsak - Garasje - Terje Hoddevik

DKU. 125/13: Gbnr.21/3 - Byggsak - Naust - Harald Honningsvåg

DKU. 126/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Grågå - Øystein Kongsvik

DKU. 127/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrsgjødsel etter 01.09.13 - Kristine L Åndal

DKU. 128/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrsgjødsel etter 01.09.13 - Arild Teigen

DKU. 129/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrgjødsel etter 01.09.13 - Vigdis Bakkebø

DKU. 130/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrgjødsel etter 01.09.13 - Magnar Barmen

**DKU. 131/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrgjødsel etter 01.09.13 - Hilde Vik
Gloppestad**

DKU. 132/13: Gbnr. 56/247 - Byggsak - Overbygg terrasse Kafe Nabben - Rune Liset

**DKU. 133/13: Utsett frist og dispensasjon - spreiiing av husdyrgjødsel etter 01.09.13 -
Sverre Leikanger**

DKU. 134/13: Utsett frist - spreiiing av husdyrgjødsel etter 01.09.13 - May Sissel Ligia

DKU. 136/13: Gbnr. 16/12 - Byggsak - Tilbygg hytte - Solbjørg Tømmerstøl

DKU. 138/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Hjort - Vigdis Bakkebø

DKU. 139/13: Gbnr. 57/15 - Delingssak - Tomt bustadfelt Djupedalen - Selje kommune

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

KU-047/13 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|-------------------|------------|--------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 048/13 |

| | | |
|---|----------------------|-----------------------------|
| Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden | Arkiv: FE- | Arkivsaknr 13/570 |
|---|----------------------|-----------------------------|

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

| Nr | Dok.ID | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|----|---------|---|------------|---|--|
| 1 | 13/4360 | I | 13.09.2013 | Statens vegvesen - Region Vest | Melding om vedtak - Mindre endring særskild fartsgrense 60 km/t - Fv 620 Leikanger |
| 2 | 13/4811 | I | 10.10.2013 | NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat | Klassifisering av dam Djupedalsvatn |
| 3 | 13/4838 | U | 18.10.2013 | NVE | Søknad om auke av tilskot, ekstratiltak i Myrelva |

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

Tilleggsreferat:

SAFO Vest, dat. 17.10.13 – Institusjonalisering og Husbankens retningslinjer til kommunene.
Samarbeidsavtale

KU-048/13 VEDTAK

1. Teke til vitande
2. Teke til vitande
3. Teke til vitande
4. Teke til vitande

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|-------------------|------------|--------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Formannskapet | 16.10.2013 | 095/13 |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 049/13 |
| Kommunestyret | 11.11.2013 | |

| Sakshandsamar | Arkiv | Arkivsak |
|---------------|----------------|----------|
| Åse Elin Hole | FA-G00, TI-&23 | 12/995 |

Interkommunale helse og omsorgstenester. Handsaming av føresetnader for driftsavtale med Helse Førde.

Dokumentliste

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|----|---|------------|--------------------------|---|
| 22 | I | 09.10.2013 | Eid kommune v/Kari Krogh | Interkommunale helse og omsorgstenester. Handsaming av føresetnader for driftsavtale med Helse Førde. |

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|---|--------|
| 09.10.2013 | Interkommunale helse og omsorgstenester. Handsaming av føresetnader for driftsavtale med Helse Førde..PDF | 49561 |

Saka gjeld

Godkjenning av føresetnader og grunnlag for drifts- og leigeavtale mellom Nordfjordkommunane og Helse Førde.

Opplysningar til saka

Kommunane og Helse Førde har framforhandla eit grunnlag for ein drifts- og leigeavtale. I tråd med prosjektplan for fase tre, skal kvar kommune godkjenne føresetnadene for avtalen før vertskommunen inngår endeleg avtale med Helse Førde.

Lover/regelverk

- Forprosjektrapport, februar 2013
- Rammeavtale mellom kommunane og Helse Førde, 2012.

- Delavtale om øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald, 2012.
- Særavtale om øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald, 2013.08.20
Vertskommuneavtale, 2013.
- Notat frå prosjektleiar om ØH-prosjektet, dagsett (og utsendt til kommunane) 07.06.13.

Kostnader sett i høve til finansieringsramma

Når det gjeld dei kommunale sengene og kostnader relatert til desse, vil ein ha desse samla kostnadene og inntektene for kommunane:

| Kostnader | | Merknader |
|---|------------|---|
| Samla betaling til Helse Førde pr år * | 3 700 402 | * Forbruksmateriell stipulert til kr 70 000 |
| Tilsynslege 30 % stilling | 350 000 | |
| Styrking legevakt, tilsyn, beredskap | 500 000 | |
| Koordinator 70 % stilling | 455 000 | |
| Medisinar | 60 000 | |
| Nattevakt, kjøp av ca 1 årsverk frå legevaktsentral | 375 000 | |
| Sum kostnader | 5 440 402 | |
| Inntekter | | |
| Øymerka tilskot, overføring frå helseføretak | -5 470 000 | |
| Netto | | |
| Sum netto kostnader | -29 598 | |

Ved tidlegare handsaming av forprosjektrapporten, har kommunane lagt til grunn at kostnadene for denne delen skal ligge innafor ei ramme som tilsvarer det samla tilskotet frå Helsedirektoratet /Helse Førde knytt til øyeblikkeleg hjelp-sengene. Som det går fram ovanfor, er denne føresetnaden framleis oppfylt. Det er også funne rom for ei koordinatorstilling av ein storleik som inneber at ein vil kunne ha ei god samla styring av dei kommunale funksjonane som er lokaliserte til sjukehuset. Del av kostnadene med personell ved legevakttelefonen (50 %), som ein uansett måtte ha, er og finansiert gjennom dette tiltaket. I utgangspunktet vart heile kostnaden for fire netter nattevakt lagt inn i budsjettet for ØH, men er no endra/delt på ØH og Legevaktformidling.

Det er lagt opp til at Eid kommune som vertskommune inngår avtalen med Helse Førde.

Sakshandsamar si vurdering

Med bakgrunn i Samhandlingsreforma, har kommunane Stryn, Hornindal, Eid, Selje og Vågsøy planlagt etablering av Øyeblikkeleg hjelp-tilbod. Dette inneber felles døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp og observasjonssenger, i alt 5 sengeplassar, lokalisert til Nordfjord sjukehus og lagt i tilknytning til medisinsk sengepost ved sjukehuset. Vidare skal kommunane ha interkommunal legevakt ved sjukehuset og ein legevaktsentral i tilknytning til denne. Felles kreftkoordinator for Nordfjordkommunane skal også ha base ved Nordfjord Sjukehus.

Det er inngått avtalar med Helse Førde (delavtale og særavtale) om det faglege innhaldet i - og føresetnadene for - etablering av døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp. Det er løyvd tilskot frå Helsedirektoratet slik at kommunane kan starte opp dette tilbodet i 2013.

Kommunane vil gjennomføre ei styrking av legevakta for å kunne oppfylle føresetnadene om legetilgang, og det skal vere ein tilsynslege i 30 % stilling knytt til tiltaket. Vidare vil det vere ein koordinator for dei kommunale funksjonane lokaliserte til sjukehuset, ei 70 % stilling kombinert med ei 30 % stilling som dagleg leiar ved legevakta.

Når det gjeld sengeplassane som er planlagde ved lokalsjukehuset, tek ein sikte på at kommunane skal kjøpe sjukepleiarressursar og ulike støttefunksjonar og leige areal av Helse Førde. Det er framforhandla eit grunnlag for ein drifts- og leigeavtale som økonomisk ligg innafør ramma som tidlegare er vedteken av kommunane.

Dei kommunale representantane som har bidrege i forhandlingane er rådmann Ørjan Raknes Forthun, Eid kommune, rådmann Reidar Sandviknes, Selje kommune, kommunalsjef Kari Krogh, Eid kommune, kommunalsjef Rune Engeseth, Eid kommune og helse- og sosialsjef Berit Wetlesen, Strun kommune.

Det vert elles vist til rapport frå gjennomført forprosjekt som vart handsama i kommunane i mars i år. Føresetnadene som var lagt til grunn i denne rapporten gjeld framleis.

Om grunnlaget for ein drifts- og leigeavtale

Dei framforhandla vilkåra går fram av tabellane nedanfor:

| LMS Nordfjord - kommunalt øyeblikkeleg hjelp-tilbod/observasjonssenger | | | |
|---|------------------|--|--|
| Kjøp av tenester - personale, forbruksmateriell | | | |
| Grunnløn | 1 600 000 | 4 stillingar | |
| Kveld/lør/søn/natt-tillegg | 365 000 | | |
| Arb.gj.avg./pensjon | 778 140 | 10,6 % arb.g.avgift, 29 % pensjonskostnad | |
| Ferievikar | 192 308 | | |
| Sjukevikar/annan vikardekning | 40 000 | | |
| Avgifter vikarar | 91 994 | 10,6 % arb.g.avgift, 29 % pensjonskostnad | |
| Del av adm. kostnader ved sengeposten | 0 | | |
| Forbruksmateriell | 70 000 | Betaling ut frå faktisk forbruk | |
| Sum | 3 137 442 | | |
| Leige av areal | | | |
| Sengerom 96 M2 | 192 000 | 2 000 kroner pr m2 (to doble og eitt enkeltrom) | |
| Vaktrom | | | |
| Del av fellesareal | 34 560 | 18 % av leigesummen | |
| Sum | 226 560 | | |
| Sum direkte kostnader | 3 364 002 | | |
| Indirekte kostnader ("overhead") | | | |
| Straum | | | |
| Reinhald | | | |
| HR-ressursar | | | |
| Adm., økonomi, løn | | | |
| Fagressursar | | | |
| Mat | | | |
| Medisinsk-teknisk utstyr | | Spesifisert til det Helse Førde har tilgjengeleg | |
| Sum | 336 400 | 10 % av sum kjøp av tenester og arealleige | |
| Totalpris pr år | 3 700 402 | | |

Merknader:

Det er lagt til grunn kjøp av 4 sjukepleiarstillingar (4 årsverk) ut frå føresetnader som går fram av gjeldande særavtale.

Det vert lagt opp til at det er eitt personale (tilsett i Helse Førde) som dekkjer det kommunale tilbodet i ein integrert turnus. Kommunane kjøper sjukepleietenester frå Helse Førde. På natt måndag - torsdag vil sjukepleieoppgåvene bli utført av hjelpepersonell knytt til legevaktsentralen, jfr vedlegg til særavtalen.

Satsane for arbeidsgjevaravgift, tillegg for ubekvem arbeidstid og pensjonskostnader er i samsvar med faktiske kostnader for Helse Førde. Det vert belasta del av fellesareal ut frå berekningar av fellesareal gjort ved sjukehuset. Indirekte kostnader er kostnader relaterte til tilrettelegging for drift av einingar og tilbod i Helse Førde, men som er vanskeleg eller ikkje føremålstenleg å sette opp som direkte forbruk i dette tiltaket. Indirekte kostnader omfattar mange ulike faktorar.

Forbruksmateriell vil bli avrekna ut frå faktisk forbruk, registrert på ein måte som partane skal avtale nærare. Det er her stipulert eit årleg forbruk på kr 70 000,-.

Helse Førde har sett leigesatsen på kr 2 000,- pr kvm, med bakgrunn i at det er spesialiserte lokale.

Etter ønske frå Helse Førde er det føresett bruk av eit eige vaktrom for den kommunale verksemda i 2. etasje for kommunalt hjelpepersonell på natt. Det vil vere behov for å disponere eit rom ved inngåande telefonar til legevakta på natt og av omsyn til teiepliktforhold generelt. Helse Førde vil ikkje ta ekstra leige for eit slikt vaktrom av avgrensa storleik.

Legevakt og legevaktsentral:

| Interkommunal legevakt lokalisert ved Nordfjord sjukehus | | | | |
|--|----------------|--|--|--|
| Leige legevaktareal 56,2 M2 | 112 400 | 2 000 kroner pr m2 | | |
| Leige kommunalt legekantor 14,3 M2 | 28 600 | 2 000 kroner pr m2 | | |
| Del av fellesareal | 25 380 | 18 % av leigesummen | | |
| Forbruksmateriell | 40 000 | Betaling ut frå faktisk forbruk | | |
| Sum direkte kostnader | 206 380 | | | |
| Straum | | | | |
| Reinhald | | | | |
| HR ressursar | | | | |
| Adm., økonomi, løn | | | | |
| Fag ressursar | | | | |
| Mat | | | | |
| Lab og røntgen | | | | |
| Medisinsk teknisk utstyr | | Spesifisert til det Helse Førde har tilgjengeleg | | |
| Sum indirekte kostnader | 20 638 | 10 % av sum direkte kostnader | | |
| Totalpris per år | 227 018 | | | |

Merknader:

Merknadene til dette oversynet er i hovudsak dei same som for dei kommunale sengene ovanfor. Legevakta vil i ei viss utstrekning kunne nyttiggjere seg arealet til skadepoliklinikken ved sjukehuset utan at det er lagt inn nokon leigebetaling for dette.

Andre føresetnader:

Ein legg til grunn at avtalen blir evaluert første gong etter 6 månader og deretter årleg.

Konklusjon

Samarbeidet mellom dei fem kommunane og Helse Førde om kommunale funksjonar lokaliserte til sjukehuset er unikt i landssamanheng. Spesielt samarbeidsordninga i høve dei kommunale sengene lagt i tilknytning til medisinsk sengepost ved sjukehuset inneber ein modell som det hittil ikkje finst døme på andre stader. Denne gir eit grunnlag for å ta ut synergieffektar og oppnå eit godt samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta om aktuelle pasientar.

Det er rådmannen si vurdering at ein gjennom forhandlingane med helseføretaket har oppnådd avtaleføresetnader som er gunstige, og der det er teke omsyn til synergjar som begge partar oppnår. Erfaringane frå andre kommunale døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp viser at kostnadene i dei aller fleste tilfella overstig det øyremerkte tilskotet. I dette tilfellet vil ein derimot kunne halde seg innafor ei slik ramme.

Rådmannen vil tilrå at Selje kommune sluttar seg til dei framforhandla føresetnadene og at det blir inngått ein drifts- og leigeavtale med Helse Førde på dette grunnlaget.

Selje kommune sluttar seg til saka slik den framgår i saksutgreiinga.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet, Driftsutvalet og endeleg vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Kommunestyret sluttar seg til at Eid kommune som vertskommune inngår ein drifts- og leigeavtale med Helse Førde for ØH-tilbod, legevakt og legevaktformidling i Nordfjord, på grunnlag av framforhandla avtaleføresetnader, jfr vedlagde notat av 19.08.13.
2. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale ut frå desse føresetnadene.

Handsaming i Formannskapet - 16.10.2013

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for . Samrøystes.

FS-095/13 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå Formannskapet

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster for . Samrøystes.

KU-049/13 FRAMLEGG

Som framlegget frå Formannskapet



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|-------------------------------|-----------------|--------------------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 050/13 |
| Sakshandsamar Svein Barmen | Arkiv FE-231 | Arkivsak 13/568 |

Avgifter og gebyr 2014

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|----|---|------------|-------------------|---|
| 2 | U | 23.10.2013 | Driftsutvalet | Avgifter og gebyr 2014 - Notat til Driftsutvalet 24.10.13 |

Vedlegg i saka

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|---|--------|
| 18.10.2013 | Gebyr og betalingsatsar 2014.pdf | 49753 |
| 18.10.2013 | Riksregulativet for ferjetakstar.pdf | 49754 |
| 23.10.2013 | Avgifter og gebyr 2014 - Notat til Driftsutvalet 24.10.13 | 49864 |

Saka gjeld

Fastsetting av gebyr og betalingsatsar for 2014

Opplysningar til saka

Kommunen skal årleg oppdatere gebyr og betalingsatsar. Dette er ein del av kommunen sine inntekter og skal gjelde for budsjettåret om det ikkje vert gjort vedtak om noko anna. Ein del av betalingsatsane er styrt sentralt og vil vere avhengige av statsbudsjettet for 2014. Der vil ein gjere framlegg om prinsipp for utrekning, for så å føre inn satsane når desse vert gjort kjende.

Merknader til dei ulike betalingsatsane:

1. Barnehagesatsar.
Desse har dei siste åra vore regulert av statleg fastsett maksimalpris. Det er ikkje kome inn ny pris.
2. Kulturskule
5% auke frå 2013, avrunda til næraste heile krone
3. Skulefritidsordning
5% auke frå 2013, avrunda til næraste heile krone

4. Eldretun, omsorgsbustadar, heimehjelp
Konsumprisregulert. Samordna med dei andre Nordfjordkommunane så langt det let seg gjere.
5. Leigesatsar for kommunale utleigebustadar og garasjer
Regulert etter konsumprisindeks sept. 2013. Tabellen syner prisane i 2014.
6. Tomteprisar
Berekna prisstigning 6,55%. Tabellen syner prisane i 2014
7. Gebyrregulativ for vatn, avløp og slamtøming
Endring 2013 – 2014: 5% auke – vassgebyr, 10% auke slamgebyr, inga endring av kloakkgebyr og kaigebyr.
8. Oppmålingsgebyr
Skal indeksregulerast pr november 2013. Prisar ikkje innført.
9. Billettprisar 2014 – Barmøyferja og Seljeruta
Har tidlegare hatt eige kommunalt regulativ. Ein rår til at desse rutene føl Riksregulativet for ferjeruter i takstsone 2 med tillegg for klippekort 12 klipp for kjøretøy u/6m for bil og klippekort 40 klipp vaksne og barn/honnør. Pristabellen for 2014 er ennå ikkje klar. I heftet er det laga ei samanliknande oppstilling for 2013 mellom det kommunale regulativet og Riksregulativet for 2013. (vedlagt saka)
10. Renovasjon NOMIL
Gebyrforskrift vert utarbeidd av styret i NOMIL. Ikkje klar
11. Gebyr for tenester etter Plan- og bygningslova.
Er regulert for å vere på linje med dei andre kommunane i Nordfjord. Takstane føl Eid kommune sine takstar som er middelkommune

Sakshandsamar si vurdering

På grunn av at det kan kome endringar som følgje av endringar i Statsbudsjettet, vil ein del av prisane vere usikre. Prinsippet for utrekning av prislista vil likevel vere rimeleg klart og kan takast stilling til. Dei prisane som ikkje er innført kan førast inn på bakgrunn av dette.

Saksgang

Driftsutvalet tilrår til Formannskapet som legg saka ut på høyring. Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet tilrår Formannskapet å gjere fylgjande vedtak:

- a) Dei kommunale avgiftene og gebyra i Selje kommune 2014 vert som skissert i heftet Gebyr og betalingsatsar 2014.
- b) Formannskapet legg saka ut på høyring.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

Merknad frå Driftsutvalet:

Ynskje om at prosentvis auke vert vist i tabellane.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Barmøyferja og Seljeruta føl riksregulativ for ferjerute i takstsone 2. Med tillegg for klippekort på 12 klipp.

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 6 røyster for . Samrøystes.

KU-050/13 FRAMLEGG

Som framlegg frå Driftsutvalet.



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|--------------------------|-----------------|---------------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 051/13 |

| | | |
|---|------------------------|---------------------------|
| Sakshandsamar Reidar Sandviknes | Arkiv FA-Q80 | Arkivsak 12/473 |
|---|------------------------|---------------------------|

Vedk. endring særskild fartsgrense 60 km/t - Fylkesveg 620 (og 632) Leikanger

Vedlegg i saka

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|-----------------|--|---------------|
| 16.09.2013 | Melding om vedtak - Mindre endring særskild fartsgrense 60 km/t - Fv 620 Leikanger | 48927 |
| 29.10.2013 | Vedtak | 48928 |
| 30.11.2010 | Kommunal trafikktryggingsplan - Rullering handlingsprogram - 2011 - 2014 | 21982 |

Opplysningar til saka

Saka vart teke opp som tilleggssak.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

Saksutgreiing v/Marit Swensen:

Les i vedtak V353-30-2013 om endring særskild fartsgrense 60 km/t Fylkesveg 620 (og 632) Leikanger i Selje kommune.

Der står i teksten at Selje kommune viser i sin merknad til kommunen sin trafikktrykingsplan der ynskjer om redusert fart gjeld heile strekninga frå krysset på Sandvik. Dei opprettheld ynskje om endra fart på strekninga. Eg meiner det var fleirtal i kommunestyret for og oppretthalde 80-sona , og at 60-sona blei nedstemt på denne strekninga. Derfor ynskjer eg at administrasjonen legg fram protokollen frå denne avstemminga, til neste utval/møte som får denne saka opp att.

Orientering:

På møtet vart protokoll frå møte i Kommunestyre 21.02.11 – sak 04/11 lagt fram.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Driftsutvalet (DU) viser til brev frå Statens vegvesen, dat. 13.09.13 m/vedlegg og protokoll frå Kommunestyret 21.02.11 – sak 04/11.

DU ber om at administrasjonen presiserer overfor Statens vegvesen, kommunestyrevedtaket om pkt. 3: 60-sona Leikanger t.o.m Ranveig Kjøde (busslomme) og ikkje som det står i brevet frå Statens vegvesen, at ynskje om redusert fart gjeld heile strekninga frå krysset på Sandvik.

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 6 røyster for. Samrøystes.

KU-051/13 VEDTAK

Driftsutvalet (DU) viser til brev frå Statens vegvesen, dat. 13.09.13 m/vedlegg og protokoll frå Kommunestyret 21.02.11 – sak 04/11.

DU ber om at administrasjonen presiserer overfor Statens vegvesen, kommunestyrevedtaket om pkt. 3: 60-sona Leikanger tom Ranveig Kjøde (busslomme) og ikkje som det står i brevet frå Statens vegvesen, at ynskje om redusert fart gjeld heile strekninga frå krysset på Sandvik.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|--------------------------|-----------------|---------------|
| Styre, råd, utval | Møtedato | Saksnr |
| Driftsutvalet | 24.10.2013 | 052/13 |

| | | |
|---|------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar Reidar Sandviknes | Arkiv FE-000 | Arkivsak 12/60 |
|---|------------------------|--------------------------|

Besøk til dei ulike kommunale einingane i Selje kommune

Opplysningar til saka

Saka vart teke opp som tilleggssak.

Handsaming i Driftsutvalet - 24.10.2013

6 voterande

Framlegg frå FRP v/Marit Swensen:

Fyrste Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane på nordsida
Andre Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane i Selje
Tredje Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane på Flatraket

Å besøke dei forskjellige einingane gjer at vi kan sjå kva vi har ansvar over og slik betre danne oss eit inntrykk i saman over kva Selje kommune driftar. Dette kan hjelpe oss til å forstå betre, ta avgjersle og gjere tiltak.

Røysting:

Framlegg frå FRP v/Marit Swensen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

KU-052/13 VEDTAK

Fyrste Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane på nordsida
Andre Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane i Selje
Tredje Driftsutvalg møte 2014 besøk alle einingane på Flatraket

Å besøke dei forskjellige einingane gjer at vi kan sjå kva vi har ansvar over og slik betre danne oss eit inntrykk i saman over kva Selje kommune driftar. Dette kan hjelpe oss til å forstå betre, ta avgjersle og gjere tiltak.

Samrøystes.

Utskrift til:

Leiarar for dei kommunale einingane

